



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Krav om revisjonssak for konsesjonar - Regulering av Jølstravatnet, Brulandsfossen kraftverk, Stakaldefossen og Kjøsnesfjorden kraftverk

Sunnfjord kommune ber om at det vert opna revisjonssak (jamfør Olje og energidepartementets Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsregulering) for følgjande konsesjonar: Regulering av Jølstravatnet, Brulandsfossen kraftverk, Stakaldefossen og Kjøsnesfjorden kraftverk.

Kravet vert fremja utifrå følgjande forhold:

Vi ønsker at det vert vurdert om det er mogeleg å forbetre miljøtilhøva i Jølstravassdraget, der konsesjonane er lokalisert. I vassdraget er det viktige ålmenne interesser, særskilt knytt til fisk og fiske. Jølstra, nedstraums Brulandsfossen kraftverk, er lakse- og sjøaureførande. Mo- og Jølstravatnet har storaurebestandar, som også nyttar vassdraget opp-/nedstraums. Fritidsfiske har stort omfang i heile vassdraget (i tillegg til eit monaleg næringsfiske i Jølstravatnet). Det er såleis tvillaust at vassdraget har stor verdi for fisk og fiske.

Det er uklart i kva grad vassdragsreguleringane påverkar fiskebestandane. Det er fleire andre inngrep i og i tilknytning til vassdraget. Nedre del vassdraget er mellom anna påverka av tettstad- og byutvikling, mens strandsona rundt Jølstravatnet i stor grad er påverka av offentlege vegar og jordbruksareal. Vi reknar difor med at samla miljøbelastning er stor for vassdraget. Vasskraftutbyggingane er i stor grad del av dette.

Lakse- og sjøaurebestandane er svake, og anadrom strekning er stengt for fiske per i dag. Storaurebestandane er ikkje truga på same vis, men i Jølstravatnet er det registrert stor variasjon i rekrutteringa mellom ulike årgangar av aure. Det er mogeleg at variasjonane kan ha samanheng med vasstand (og då indirekte manøvreringsreglement), på kritiske tidspunkt av året. Ei mogeleg hypotese kan til dømes vere at viktige gyteplassar vert tørrlagde/fryser til før rognna klekker.

Aktuelle vilkår

Vi ser føre oss følgjande:

- Naturfagleg undersøking med føremål å avklare i kva grad vassdragsreguleringane påverkar bestandane av sjøaure, laks og storaure, og eventuelt på kva måte.
- Dersom naturfagleg undersøking konkluderer med at vassdragsreguleringa i stor grad påverkar bestandane bør det stillast krav til manøvreringsreglement som kan forbetre miljøtilhøva (for fisk) og/eller andre biotopforbetrande/kompenserande tiltak.

Med helsing

Joar Helgheim
einingsleiar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Ole John Østenstad
Sunnfjord vassområde

v/Staffan Hjohlmann